



Arkivnr: 2018/7274-1

Saksbehandlar: Karl Inge Nygård

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		14.03.2018
Fylkesutvalet		11.04.2018

Framtidig organisering av Skyss**Samandrag**

Fylkesrådmannen foreslår i denne saka at det vert gjennomført ei utgreiing om framtidig organisering av Skyss som ivaretak behovet for endra ansvarsområde og eit tettare samarbeid med Bergen kommune om kollektivtrafikken i Bergen.

Ei slik utgreiing må vurdere både dei selskapsjuridiske og kollektivfaglege sidene av alternativ organisering, i tillegg til at konsekvensar både i høve politisk og økonomisk styring av kollektivtrafikken må vurderast.

Økonomi: Kostnader til utgreiing vert dekt innanfor eksisterande budsjett

Klima: Saka er ikkje relevant i høve klima

Folkehelse: Saka er ikkje relevant i høve folkehelsa

Regional planstrategi: Saka er ikkje relevant i høve regional planstrategi

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen leggje fram ei utgreiing om alternative organisasjonsformer for Skyss som ivaretak behovet for endra ansvarsområde og eit tettare samarbeid med Bergen kommune om kollektivtrafikken i Bergen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.02.2018

1. Bakgrunn

Som del av kommunereforma ønskjer regjeringa å flytte makt og mynde nærmere innbyggjarane. 20. mars 2015 vart stortingsmelding om nye oppgåver som kan flyttast til kommunane i samband med kommunereforma lagt fram (stortingsmelding nr. 14 (2014-2015)).

I nemte melding er det mellom anna uttalt følgjande:

En overføring av ansvaret for kollektivtransporten til store kommuner vil kunne legge til rette for en tverrsektoriell samordning, fordi kommunene også vil ha ansvaret for oppgaver som næringsutvikling, bolig- og arealpolitikk og andre oppgaveområdet som henger sammen med transportpolitikken. Tilsvarende kan det gi færre muligheter for tverrsektoriell samordning av de transportoppgavene som forblir i fylkeskommunen.

Som oppfølging av nemte stortingsmelding vart Prop. 91 L (2016-2017) lagt fram og godkjent i statsråd 5. april 2017. Denne proposisjonen innehold forslag til lovendringar knytt til overføring av oppgåver til kommunane i samband med kommunereforma.

Ansvoaret for kollektivtransport vert foreslått overført frå fylkeskommunane til store kommunar etter søknad og på bestemte vilkår. Forslag til lov om overføring av ansvar for kollektivtransport § 2 har følgjande ordlyd:

§ 2 Overføring av ansvar for kollektivtransport og vilkår for overføringen

Kongen i statsråd kan vedta overføring av ansvar for kollektivtransport fra fylkeskommunen til kommunen dersom kommunen kan dokumentere at den:

- omfatter et område som utgjør en felles bolig-, arbeids- og serviceregion
- har et tilstrekkelig markedsgrunnlag til å kunne gi befolkningen et ønsket kollektivtilbud innenfor en samfunnsøkonomisk akseptabel kostnad og
- har et samarbeid med fylkeskommunen om å sikre et helhetlig rutetilbud.

Ved overføring av ansvar for kollektivtransport etter første ledd overtar kommunen ansvoaret for kollektivtransporttilbuet innenfor kommunens grenser. Kommunen bestemmer selv omfanget av kollektivtransporttilbuet.

Hordaland fylkeskommune har ved etableringa av Skyss bygd opp eit betydeleg kompetansemiljø knytt til kollektivtrafikk både i by og i distrikt, og fylkesrådmannen ser det som føremålstenleg at det er dette kompetansemiljøet som også i framtida har ansvoaret for å forvalte kollektivansvaret for Bergen. For å kunne oppnå større grad av tverrsektoriell samordning vurderer fylkesrådmannen imidlertid at det må leggjast til rette for eit tett og forpliktande samarbeid mellom Bergen kommune og fylkeskommunen om kollektivtrafikken i Bergen.

Fylkestinget i Hordaland har i sak 68/2012 frå 14.06.17 gjeve klåre signal om at eit slikt samarbeid er ønskeleg knytt til drifta av Bybanen. Fylkestinget fatta då følgjande vedtak:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å leggje fram ei sak som vurderer eit eventuelt forpliktande samarbeid med Bergen kommune om drifta av Bybanen

Skyss er i dag ikkje eit sjølvstendig selskap men del av den fylkeskommunale organisasjonen. I budsjettvedtaket (sak 105/2017) fatta fylkestinget 12.12.17 mellom anna følgjande vedtak:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen komme med sak i løpet av 2018 om å omstrukturera Skyss til mobilitetsselskap. Dette vil gje meir kraftfull, heilskapleg satsing på gange, sykkel og kollektivsatsing i fylket.

I omgrepene «mobilitetsselskap» (mi understrekning) ligg at fylkestinget ønskjer ei utgreiing knytt til selskapsorganisering. Når det gjeld utvida oppgåveansvar knytt til mobilitet vurderer fylkesrådmannen at det vert gjort ei særskilt utgreiing om kva som ligg i dette.

2. Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen vurderer at det i lys av behovet for eit tettare samarbeid med Bergen kommune på kollektivområdet og vurdering av utvida ansvarsområde for Skyss er behov for å gjennomføre ei særskilt utgreiing knytt til framtidig organisasjonsform for Skyss.

Ei slik utgreiing må vurdere både dei selskapsjuridiske og kollektivfaglege sidene av alternativ organisering, i tillegg til at konsekvensar både i høve politisk og økonomisk styring av kollektivtrafikken må vurderast.